



Stian Andre Raunehaug
Leknesvegen 111
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1562 - 18/24642

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
17.08.2018

Varsel om utsatt sakshandsamingsfrist og vurdering av motteke opplysningar/tilleggsdokumentasjon - gbnr 195/71 Leiknes

Vi viser til dykkar søknad om rammeløyve for oppføring av bustad i tre etasjar med utleigedel, etablering av slamavskiljar med påkopling på eksisterande utsleppsleidning til sjø, etablering av ny avkøyrse mot Fv. 391, oppføring av garasje, forstøtningsmur mot veg og mot sjø, terrengoppfylling og tilkomstveg.

I henhold til dagens telefonsamtale så er du i dialog med Statens Vegvesen om plassering av tiltaka slik dei er omsøkt evt. endre plasseringa av dei samla tiltaka nærare sjø med 2 meter for å stetta deira krav. Dette er ein dialog du ønskjer å oppretthalde for å kunne prosjektere det samla tiltaket slik at du kan få ein positiv uttale frå vegvesenet.

Den tid det tar å gi uttale, kjem i tillegg til vår ordinære sakshandsamingsfrist på 12 veker. Då det er krav om uttale i saka og det er dykkar ønskje om å ha ein dialog med Statens vegvesen, avventer vi deira uttale i saka.

Avgjerda er heimla i pbl § 21-8 og SAK § 7-3 tredje ledd.

Vi gjer dykk merksam på at vi har sett på saka i fellesskap i høve å plassere dei samla tiltaka 2 meter nærare sjø. Dette krev ein heilt ny søknad med nabovarsling og uttale til høyringsinstansar. Verknaden for nabo kan vere meir merkbar og synleg. Premissene i sak vert endra med ny plassering og for ein tomt i skrånande terreng så vert også høgden på muren endra.

Vi viser til innsendt tilleggdokumentasjon motteke 26.07.2018. På noverande tidspunkt legg vi til grunn at omsøkt mur er i tiltaksklasse 2, sjå punkt 5 i mangelbrev av 04.07.2018. Det må da inn eit ansvarleg føretak og kan ikkje om søkast som sjølvbyggjar (sjølvbyggjar er kun tiltaksklasse 1). Om plassering av dei samla tiltaka vert endra, så må ta ein ny vurdering av tiltaksklasse for mur. I høve skriv av 04.07.2018 opprettheld vi vårt krav til 400m² MUA. Vi kan ikkje sjå at dette er stetta med innkomen tilleggdokumentasjon.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stian Andre Raunehaug

Leknesvegen 111 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Stian Andre Raunehaug

Leknesvegen 111 5915

HJELMÅS